

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.01.2020

## Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne - Prioritering av søknader til Riksantikvaren 2020

### Forslag til vedtak

1. Hovedutval for kultur, idrett og integrering sender alle innkomne søknader vidare til Riksantikvaren med likestilt prioritering:
  - Restaurering av ferdsliveg og skilting av kulturminne i Ulvik kommune
  - Skilting av fangsanlegg og klebersteinsbrot i Vik kommune
  - Tilrettelegging av gravrøys i Austevoll kommune
  - Skjøtsel og tilrettelegging av bygdeborg på Herdla, Askøy kommune
  - Skilting av gravrøys i Sveio kommune

### Samandrag

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) er ei nasjonal satsing på skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne i regi av Riksantikvaren og fylkeskommunane. For 2020 har Vestland fylkeskommune mottatt til saman fem søknader som fyller kriteria for tilskotsordninga, fordelt på fem ulike kommunar. Søknadsfrist til Riksantikvaren er 15. januar 2020, med innvilga utsett frist 23. januar 2020 for politisk handsaming av søknadene.

Per Morten Ekerhovd  
Fylkessdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Oversikt over innkomne søknader om tilskot gjennom BARK - 2020

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) er ei tiårig nasjonal satsing på skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne i regi av Riksantikvaren, med midlar frå statsbudsjettet kapittel 1429 post 70. Fylkeskommunane, Sametinget og landsdelsmusea har høve til å søkje om midlar til formidling, tilrettelegging, skjøtsel, dokumentasjon, sikring og FoU-prosjekt frå ordninga.

### Målet med Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne

BARK har som målsetning at minst 450 kulturminne og kulturmiljø skal vera tilrettelagt innan 2020. Dette talet tar utgangspunkt i talet på kommunar og fylker då ordninga vart oppretta. Ideelt sett skal det leggjast til rette eit arkeologiske kulturminne og kulturmiljø i kvar kommune, samt eit større tilretteleggingsprosjekt per fylke.

Det er krav om 50% eigenfinansiering for tilskot gjennom BARK. Dugnad, kommunal og fylkeskommunal eigeninnsats gjennom administrasjon, med meir, kan inngå som eigenfinansiering.

### Prioritering av kulturminne for tilrettelegging i Vestland

Då Bevaringsprogrammet for Utvalgte Arkeologiske kulturminne (BARK) vart starta opp utarbeidde alle fylka kvar si prioriteringsliste over kva arkeologiske kulturminne i dei ulike kommunane som var aktuelle for skjøtsel, formidling og tilrettelegging. Kommunane kom med innspel til desse listene i Vestland.

I tidlegare Hordaland vart denne prioriteringslista vedtatt i Fylkesutvalet i PS 280/12, 21.11.2012. Fylkesutvalet vedtok i PS 248/14, 30.10.2014 å lysa ut tilskotet så kommunane kunne søkja med prosjekt dei sjølv hadde eigarskap til. Det vart i same sak vedtatt nye fylkeskommunale søknadsprosedyrar og retningslinjer for BARK for å forankra prosjekta betre lokalt. I tråd med retningslinjene skal Utval for kultur, idrett og regional utvikling (tidl. Kultur- og ressursutvalet) avgjere kva søknader som skal prioriterast etter innstilling frå Fylkesrådmannen. I Vestland fylke har Hovudutval for kultur, idrett og integrering overtatt dette ansvaret.

Prioriteringslista for Bark i tidlegare Sogn og Fjordane innehold tre utvalte arkeologiske kulturminne/kulturminneområde i kvar kommune. Kommunane vart invitert og kom med innspel i samband med oppstart av arbeidet og ved høyring av lista. Eit viktig grunnlag var også eksisterande Handlingsplan for tilrettelegging og skjøtsel av automatisk freda kulturminne. Prioriteringslista og vidare arbeid var til politisk handsaming i Hovudutval for kultur i sak 56/11, den 2.11.2011.

Invitasjon til å søke om prosjektmidlar i Bark har blitt sendt ut til kommunane. Søknader som har komme inn, har vore i samsvar med prioriteringslista og blitt sendt til Riksantikvaren. Handsaminga har skjedd administrativt.

Momenta som skal leggjast vekt på ved prioritering av søknader var dels samanfallande i tidlegare Hordaland og tidlegare Sogn og Fjordane. Dei har òg vore basert på retningslinjer frå Riksantikvaren. I denne handsaminga er desse momenta slått saman.

Ved prioritering er det lagt vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølgje)

- Tiltak som står i prioriteringslista for Bark
- Tiltak med særleg høge opplevingsverdiar og stort formidlingspotensial
- Tiltak med stort lokalt engasjement og medfinansiering
- Tiltak i kommunar der det tidlegare ikkje er skjøtta og tilrettelagte arkeologiske kulturminne
- Tiltak med kommunal forankring og medfinansiering
- Tiltak, om mogleg, med Universell Utforming

I tidlegare Hordaland var det i tillegg krav om at det skulle vera starta opp arbeid med kulturminneplan i den aktuelle kommunen, samt at det aktuelle kulturminnet skal stå på BARK-

prioriteringslista. I tidlegare Sogn og Fjordane var det krav om at tiltaket ligg inne på prioriteringslista for BARK.

Oversikt over innkomne søknader for 2020 (i vilkårleg rekkefølge)

Vestland fylkeskommune har motteke totalt seks søknader om BARK-midlar for 2020. 5 av desse søknadene fyller krava for tilskotsordninga.

Fangstanlegg og klebersteinsbrot i Fresvik - Kulturminneskilt, Vik kommune	(98.000,-)
Gravrøyser på Røysaneset - Skjøtsel og kulturminneskilt, Sveio kommune	(20.000,-)
Bygdeborg Herdla - Skjøtsel og tilrettelegging, Askøy	(120.000,-)
Gravrøys på Storebø - Tilrettelegging og formidling Austevoll kommune	(70.000,-)
Del av Nordmannslepa - Restaurering Lekve og Syse grunneigarlag, Ulvik	(25.000,-)

Vedtakskompetanse

I IPS 2/2019 gav Fylkestinget Hovedutval for kultur, idrett og integrering (tidlegare Kultur og ressursutvalet) ansvar for BARK i tidlegare Hordaland. I tidlegare Sogn og Fjordane har innkomne søknader ikkje vore gjenstand for politisk handsaming. I Sogn og Fjordane vart Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne, BARK, handsama i Hovudutval for kultur, sak 56/11.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Innkomne søknader skal vise til 50% eigenfinansiering. I nokre søknader er det satt opp eigeninnsats på Vestland fylkeskommune. Denne eigeninnsatsen er arbeid utført slik som skriving av skilttekst, layout på skilttavler, utarbeiding av skjøtselsplan, fagleg rådgjeving og liknande. Eigeninnsats i søknader utløyer tilsvarande sum statlege midlar.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Fleire av søknadene omhandlar merking av kulturminne langs eksisterande turstiar, eller kulturminnet er i seg sjølv ein turveg eller eit mål for tur, der folkehelse er eit relevant tema.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Konklusjon

Til saman er det komme inn godkjente søknader til ein sum av: 333.000,-. Sjå vedlegg for oversyn over søknadene med fylkesrådmannen si grunngjeving til kvar søknad.

Fylkesrådmannen vil tilrå at alle dei innkomne søknadene vert vidaresendt Riksantikvaren med likestilt prioritering.